



Odd Nordstoga kjem til Festidalen 2017.

**Bookinggruppa for Festidalen har no sleppt dei tre første artistane til festivalhelga i byrjinga av august 2017. Det er Bottlecap, Spidergawd og den velkjende, allsidige og populære musikaren og showmannen frå Vinje, Odd Nordstoga. Nordstoga skal opna gildet på Dønhaugjordet laurdag ettermiddag. Det vert starten på nok ein stor kveld.**

Nordstoga er ein svært dyktig artist som har tilhengarar i alle aldersgrupper. Allsidig er han, og for å koma i julestemning kan vi klikka inn og varma opp med vakre [Upp gledjest alle, gledjest no](#), julesongen som han spelte inn saman med Sissel Kyrkjebø for 7-8 år sidan, og som vart veldig populær. Sidan vi er i førjulstida, kan vi styrka julestemninga ytterlegare ved å lytta til den nye julesalmen Nordstoga har laga saman med Stein Versto, [Maria på veg](#), i ei framføring saman med Herborg Kråkevik. På Dønhaug vert det nok andre vakre låtar.

Her følgjer pressemeldinga frå Festidalen om første artistsleppet:

### Spidergawd

Som dei fleste veit så er Festidalen rimeleg svak for god gammal rock. Difor er det så stort at Spidergawd tek turen til Kvinnherad i sommar. Desse karane leverer ein herleg kombinasjon av 70-tals groove, blues og britisk metall, inspirert av heltar som Dio, Motorhead, Thin Lizzy, Iron Maiden og Judas Priest. Kombinert med eit energinivå som kan ta pusten av dei fleste så blir dette noko å verkeleg få med seg. Om ulukka sku vera ute, og du oppdagar at tante Jenny har gløymt julepakke til deg i år igjen, så frykt ikkje. Spidergawd slepp ny plate i februar (Spidergawd IV). Det er berre til å gle seg.

### Bottlecap

Festidalen er opptatt av integrering og likar utlendingar. Til og med svenskar, og vi gler oss stort til å ta i mot svenskane frå Bottlecap og Gøteborg på Dønhaug. Med Bottlecap får du servert meir høgenergisk kvalitetsrock, med ein punch som ikkje liknar grisen. Det er ikkje utan grunn nettsida deira har overskrifta «In your face rock». Eit lyttartips før du set deg ned føre peisen med eit kaldt glas sjokomelk: «Set me on fire», «I don't like you anymore» eller kanskje «Bomb Science»?

Ikkje noko lett val, men det vi definitivt er sikre på er at ein bør kle seg lett til sumaren, for detta blir heitt!

### Odd Nordstoga

I dei seinare åra har vi hatt nokre verkelege store og feite indrefilear til forrett. Med det meines kjende band og artistar som har sørga for eit yrande folkeliv på jorden – rett frå avspark. Det vil det definitivt bli i 2017 også. Ein av dei aller flinkaste vi har i musikknøreg, Odd Nordstoga, tek med seg bandet sitt og spelar opp til dans laurdag 5.august.

Det er umogleg å ikkje la seg sjarmere av forteljarkunsten til karen frå Vinje. Og det heile sjølvsgatt på nynorsk. Bigtime lizzm! #elsk

Pressemelding og pressefoto: Festidalen  
Øvrig tekst og nett: Thor Inge Døssland.